



## **ANTIMOBBEPLAN VED IMSLAND SKULE:**

Med mobbing eller plaging forstås me psykisk og/eller fysisk vold retta mot eit offer, utført av enkeltpersonar eller grupper. Mobbing forutset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar, og episodane blir gjentekne over tid .

(Senter for adferdsforskning 2003)

### **1) Korleis avdekka mobbing:**

- a) Trivselsundersøking ein gong i året 3.-7.kl., november
- b) Elevsamtalar, samtlege klassar, kvart år
- c) Konferansetimar med foreldre og evt elevar
- d) Elevinspektørane – nettbasert frå Læringscenteret (7. klasse)
- e) Svært viktig at alle i skulemiljøet, både tilsette, foreldre/føresette og elevar melder frå dersom dei høyrer om/ser at nokon blir mobba.

### **2) Kva gjer skulen om mobbing blir oppdaga:**

- a) Samtale med alle involverte partar (elevar, lærarar, foreldre, rektor)
- b) Minst to oppfølgjingsmøter, det første etter 2 veker. Det kan variera kven som er med på desse møta, dette blir vurdert i kvart tilfelle. Det kan og vera aktuelt å skriva kontraktar mellom elevar.
- c) Eventuelt vidare arbeid med t.d. klasseforeldremøte og samarbeid med PPT og skulehelsetenesta.

### **3) Informasjon**

- a) Alle heimane skal informerast om arbeid mot mobbing i:
  - a. Trivselsreglane og antimobbeplan som blir sendt heim for gjennomgong og underskriving kvar haust
  - b. Klassemiljø skal opp som fast tema på kvart klasseforeldremøte.

..... klipp

**Me har lest gjennom og er nå kjende med innhaldet i antimobbeplan og trivselsreglar for Imsland skule:**

---

Stad og dato

Underskrift elev

Underskrift føreset



## **KORLEIS ARBEIDA FOR EIT TRYGT SKULEMILJØ:**

Elevane på Imsland skule skal alltid vita kor dei kan treffa vaksne dei stolar på. Me kan ikkje lova at mobbing aldri kan skje her, men me lovar å ta alle mobbesaker på alvor.

- Kontaktlærarane skal ha **elevsamtalar** kvart skuleår
- **Synleg vakt** ute i kvart friminutt, slik at elevane veit kor dei kan henvenda seg om noko oppstår
- Personalet skal samarbeida og **setja i gong trivselstiltak** i klassane; også på tvers av klassane. Døme: Prosjekt ,positiv eksponering av alle elevane, ekskursjonar/turar, fellestimar som songkor, lavvotur m m
- Tema mobbing er **inkludert i undervisninga** /lærebøkene. Arbeidsmåtane er td. samtale, rollespel, gruppearbeid, spesielle rutinar m.m. Kontaktlærer går dessutan gjennom trivselsplan og antimobbeplan med elevane kvar haust, likeeins gjer kvar heim det.
- Skulehelsetenesta har samtalar med elevane.
- Både skulehelsetenesta, barne og familierettleiar og PPT kan vera aktuelle å invitera til å snakka om mobbing på foreldremøte.
- Det skal vera god **kontakt heim – skule** og låg terskel for å ta kontakt begge vegar. Samarbeidsklima er svært viktig, og temakveldar/dagar, dugnadar, foreldrekonferansar, Fau-arbeid, foreldremøter m m er arenaar kor ein byggjer godt samarbeid
- Heimar kan ta initiativ til sosiale aktivitetar for elevane på fritida. Viktig då at alle i klassen blir med.



## **Retningslinjer for vakt på skulen i Imsland**

- Vakta skal ha ei trivselsfremjande rolle
- Vakta vandrar på heile det inngjerda området der det oppheld seg elevar.
- Vakta har refleksvest (unntak; før skulestart og etter skuleslutt)
- Vakta følgjer friminutta
- Vakt før skulestart har tilsyn litt inne og litt ute sidan elevane kan gå til klasseromma når dei kjem på skulen.
- Vakt etter skuleslutt har tilsyn til alle er om bord i skuleskyss
- Vaktbyte i matfri kl.11.22
  
- Den som har vakt ser etter:
  - at ingen elevar går åleine
  - at alle har det bra
  - at alle følgjer trivselsreglande
  
- Alle elevane skal ut kvart friminutt:
  - Timelæraren er ansvarleg for å få dei ut. Unntak når lærarane samla har blitt samde om at dei får vera inne
  - Første vakt i matfri får alle ut innan 11.15